

# Kontrollutvalet

## SEKOM sekretariat

Sekretariat for kommunale kontrollutval

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
35/20	Sunnfjord kontrollutval	12.05.2020

Arkiv	Sakshandsamar	
FE-033	Arnar Helgheim	

## Opprettning av mineralråd - Brev fra Raudt og SV

### Vedlegg i saka:

- 04.05.2020 Partsbrief - Opprettning og skiping av mineralråd og val av medlemmar
- 17.03.2020 Om opprettning og skiping av mineralråd og val av medlemmer
- 17.03.2020 Framlegg til opprettning av mineralråd - mandat - organisering - ressursar
- 17.03.2020 Innkalling til konstituerande møte formineralråd for Sogn og Fjordane
- 17.03.2020 Innkalling-til-konstituerande-moete-for-mineralraad-for-sogn-og-fjordane-fylkeskommune
- 17.03.2020 Innlegg frå Raudt og SV Feilinformasjon og ulovleg (2)
- 17.03.2020 Mineralråd - reglement
- 17.03.2020 Saksgrunnlag skipingsmøte
- 17.03.2020 Spørsmål i formannskapet - 30. januar - om feilinformasjon og eit ulovleg mineralråd
- 17.03.2020 Spørsmål til ordføraen i formannskapsmøte den 300120

### Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

1. Sunnfjord kontrollutval går ikkje nærmare inn i spørsmålet om formalitetar rundt mineralråd.
2. Utvalet viser til at kommunedirektøren har varsle sak i kommunestyret om desse formalitetane i løpet av 2020.

## 12.05.2020 Sunnfjord kontrollutval

### Handsaming:

Kommunedirektør Ole John Østenstad møtte og kom med sine kommentarar til saka.

### Tilrådinga vart samrøystes vedteke

### SUN-35/20 Vedtak:

1. Sunnfjord kontrollutval går ikkje nærmare inn i spørsmålet om formalitetar rundt mineralråd.
2. Utvalet viser til at kommunedirektøren har varsle sak i kommunestyret om desse formalitetane i løpet av 2020.

## Saksutgreiing:

### Utsett sak

Sekretariatet viser til utgreiing og sakstilfang som var sendt ut til møte den 16.4.20. Det er kome eit dokument i tillegg på vedleggslista:

- Partsbrief frå handsaming i kontrollutvalet for Vestland fylkeskommune

Handsaming 16.4.20:

#### Nytt framlegg til vedtak:

Saka vert utsett til møte 12. mai.

Det nye framlegget vart samrøystes vedteke

### Utgreiing til 16.4.20

Utdrag av e-post frå SV og Raudt:

*Sunnfjord SV og Raudt Indre Sunnfjord ber kontrollutvalet vurderer om opprettninga og skipinga av mineralråd (jmfr. vedlegg) er gjort i tråd med dei lover og retningslinjer som gjeld for dette.*

*Vi ber særskilt om ei vurdering av dette i høve kommunelova.*

Det er kontrollutvalet som avgjer både om dette er ei sak ein vil sjå nærmare på, og i tilfelle korleis dette skal gjerast. Eventuelle pålegg til utvalet kan berre komme frå kommunestyret sjølv. Sekretariatet rår difor til at kontrollutvalet vurderer på fritt grunnlag om ein ønskjer å gå nærmare inn på spørsmålet.

Kommunedirektøren har svart Åsmund Berthelsen den 10.2.20 knytt til spørsmål i formannskapet 30.1.20. Utdrag av vurderingane i dette svaret:

#### Vurdering

Det er på det reine at kommunestyret i Sunnfjord kommune ikkje har tatt stilling til den endelige organiseringa og vedtekten for mineralrådet. Det har heller ikkje Vestland fylkeskommune gjort.

Etter innspeil frå Sogn og Fjordane fylkeskommune vart rådet sitt mandat og reglement endra i høve til det som låg til grunn for det første møtet i rådet slik at det kunne leggast fram for fylkesutvalet i Sogn og

Fjordane. Administrasjonen i Sunnfjord kommune har hatt møte med Vestland fylkeskommune, og Sogn og Fjordane fylkeskommune si oppmoding om vidareføring av arbeidet i rådet blir det såleis jobba med.

Det er (i hovudsak) berre kommunestyret eller fylkestinget som kan opprette og velje medlemmar til eit utval oppretta i medhald av kommunelova §5-1, og før eit slikt vedtak ligg føre vurderer kommunedirektøren den noverande organiseringa av mineralrådet meir som eit interesseutval, slik som til dømes Interesseutvalet for Førde lufthamn og Interessegruppa for Rv 52/Rv 5.

At kommunestyret har valt eit medlem til rådet vurderer eg ikkje som problematisk. På grunn av tilhøve rundt fylkessamaslåinga, har det ikkje vore mogeleg å få avklara mandat og vedtekter for rådet i forkant, og ein er i prosess med Vestland fylke om dette.

Rådet manglar framleis naudsnyt politisk forankring i Sunnfjord kommunestyre. Sak om formell status av rådet vil derfor bli lagt fram for kommunestyret når det er nærmare avklart kva rolle Vestland fylkeskommune vil ha i høve rådet. Vi tek sikte på å fremje ei sak i løpet 2020, og det vil då vere naturleg å vurdere rådet sin funksjon og organisering.

### **Sekretariatet sine vurderingar**

SEKOM sekretariat ser fleire problemstillingar som kontrollutvalet bør vurdere før ein eventuelt går nærmare inn på saka. For ordens skuld, legg vi til at momenta ikkje er sett opp i prioritert rekkefølge. Det er heller ikkje absolutte svar på ein del av vurderingane.

### Konsekvensane av eventuelle feil?

Nokre vurderingar som vi meiner bør gjerast for å vurdere om det er hensiktsmessig for kontrollutvalet å bruke ressursar på saka:

- Vil ein gjennomgang rette opp i vesentlege feil / konsekvensar for Sunnfjord kommune?
- Er det gjort vedtak som bind opp Sunnfjord kommune framover og som kan vere ugyldige?
- Har mineralrådet gjort vedtak som bind opp kommunen eller på andre måtar kan sjåast på som vesentlege?

I e-post frå SV og Raudt er det ikkje peika på konsekvensar som nemnt ovanfor.

### Mange aktørar

Kontrollutvalet er kommunestyret sitt kontrollorgan for Sunnfjord kommune. Det er fleire aktørar i saka der dette kontrollutvalet ikkje har noko formell rolle. Denne situasjonen treng ikkje vere eit formelt hinder, men det vil venteleg komplisere arbeidet.

### Aktuelle aktørar i saka:

- Naustdal kommune som ikkje lenger eksisterer.
- Sogn og Fjordane fylkeskommune som ikkje lenger eksisterer.
- Askvoll kommune. Nabokommune.
- Vestland fylkeskommune. Ny 1.1.20.
- Sunnfjord kommune. Ny 1.1.20.
- Ulike politiske og administrative nivå innan desse organa?

### Særinteresser eller «omkamp»?

Kontrollutvalet bør vurdere om innspelet er ein del av ein politisk «omkamp» der kontrollutvalet blir ein aktør i ei pågåande politisk sak. Sekretariatet vurderer det slik at heile eller deler av saka framleis er aktiv. Jf blant anna brev frå kommunedirektøren. Dersom kontrollutvalet engasjerer seg i ei slik sak, stiller det store krav til handsamingsmåten. Særleg gjeld dette å skilje det formelle og det politiske.

### Kontroll av overordna?

Det er kommunestyret som har det endelege ansvaret for å vedta organisering av kommunen sine styre, råd og utval. Kontrollutvalet er nettopp kommunestyret sitt kontrollorgan og driv såleis ikkje kontroll av eigen overordna.

### Framdrift uavhengig av kontrollutvalet

- Kommunedirektøren har varsla sak i løpet av 2020 med avklaringar om status og forankring av

rådet. Det er kommunestyret som er rett mynde til slik avgjerd.

- Kommunestyret som i tilfelle vert mottakar av eventuell gjennomgang / tilråding frå kontrollutvalet.

### **Sekretariatet si tilråding**

SEKOM sekretariat rår til at kontrollutvalet ikkje går nærmare inn i denne saka no.

Kommunedirektøren har uansett varsla at saka kjem opp for kommunestyret som er det rette organet for å avklare formalitetane rundt mineralrådet.